



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Ullensvang kyrkjelege fellesråd

## Jondal Sogn

### Kjære konfirmantar, foreldre og føresette!

Våren kom raskt med varme og fruktbløming. Med dei kjem og ein av vårens vakraste hendingar, nemleg konfirmasjon 😊 Eg har storkost meg saman med konfirmantane gjennom samtalar, undervisning, leir, kyrkjespel, pepperkakehuspynting og mykje anna!

No nærmar vi oss den store dagen og då er det viktig at de for god informasjon om hendingar framover. Og her kjem det viktig informasjon om hendingar fram mot sjølve konfirmasjonsdagen 3. mai

1. **Laurdag 26. april** frå kl 10.00 til kl 14.00 er det dugnad i Jondal og Herand. Dette er ikkje noko konfirmantane må gjera, det er dugnad og då er det frivillig å stille eller å ikkje stille. Arbeidsoppgåver vert å gjer det fint i uteområdet rundt kyrkja. Alle er invitert til måltid på bedehuset etter at dugnaden er ferdig
2. **Tysdag 29. april** vert det gjennomgang av kyrkjespelet frå kl 18.00 til 21.00
3. **Onsdag 30. april** er konfirmantane invitert heim til meg på grilling saman med Utne konfirmantane. Dei tek alle ferja frå Jondal kl 16.20 og heim att med ferje kl 20.50
4. **Torsdag 1. mai** vert det langdag i kyrkja med lydprøve og generalprøve saman med barne og vaksenkor frå kl 14.00 til kl 17.30.
5. **Torsdag 1. mai** er det framføring av kyrkjespelet i kyrkja kl 18.00. Etter at kyrkjespelet er ferdig vert det konfirmantfest på bedehuset kl 19.30 for konfirmantane og deira familiar.
6. **laurdag 3. mai** kl 10.00. Fotografering på kyrkjetrappa. Kl 11.00 konfirmasjonsgudteneste

**Nb:** konfirmantfesten etter at kyrkjespelet er ferdig er gratis men vi treng ei påmelding på kor mange frå kvar familie som kan møte. Grunnen er at vi serverer varmmat og treng difor å vit kor mange som kjem. Alle er hjarteleg velkomne!

**Påmelding skjer på epost: [ao986@kyrkja.no](mailto:ao986@kyrkja.no)**

Helsing

Fung. Sokneprest Arne Opsahl-Engen og Kantor Anne Karin Stormyr